

## Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 23.03.2022

**Sara Sekkingstad Hamre (Sp)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styreleiar i Museumssenteret i Hordaland. Hamre gjekk frå under vurderinga av om ho var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Hamre var inhabil etter fvl. § 6 fyrste ledd bokstav e.

**Stian Davies (A)** sette på vegne av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

"Tillegg, nytt punkt 5

Hovudutvalet ber administrasjonen komme tilbake med ei sak der framtidige tildelingar vert delegert til administrasjonen. Hovudutvalet vedtar retningslinjer, uttaler eller andre endringar. Tildelingsvedtaket vert lagt ved som RS til utvalet.»

**Helge Monsen (PP)** sette fram slikt forslag:

"Tillegg

Kringkasteren på Erdal er en nasjonal skatt og er den eneste operative kringkasteren i landet. Ja, kanskje i hele Europa.

Telefunkesenderen fra 1935 er verdens eneste komplette sender av denne typen.

Selve senderen og eiendommen er fredet av Riksantikvaren i år 2000.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering finner det forunderlig at dette tekniske kulturminne ikke er inne med fast tildeling på Statsbudsjettet.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber derfor Fylkesdirektøren om å reise sak slik at den unike kringkasteren på Erdal får fast tilskudd via statsmidler."

### Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Davies sitt forslag til nytt punkt 5 vart vedteke mot 1 røyst (R).

Monsen sitt tilleggsforslag fekk 2 røyster (PP, R) og falt.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune tildeler tilskot frå statsbudsjettet 2022 kap. 1429 post 72, tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, som følgjer:

Søknad nr.	Kulturminne	Søkjjar	Tilskot 2022	Tilsagn 2023
1	Salhus Trikotasjefabrikk	Museumssenteret i Hordaland – Tekstilindustrimuseet	4 802 500	0
2	Tyssedal kraftstasjon	Kraftmuseet	1 356 500	0
3	Odda smelteverk – Cyanamidfabrikken, skaltaket, importkaien, Lindehuset, smia, Omn 3, råcyanamidsilo 113	Smelteverkstomta næringsutvikling/KML AS	3 221 000	1 126 260
4	Odda smelteverk - Lindehuset	Kraftmuseet	0	572 240
5	Odda smelteverk - Importkaien	Ullensvang kommune	0	400 000
6	Tøsse mølle	Morten Svensson	0	100 000
7	SAFA fabrikk	SAFA Eiendom AS	0	0
8	Arbeiderbustadene i Folgefonngata	Kraftmuseet	0	0
9	Jernbanevogner Gamle Vossebanen	Museet Gamle Vossebanen	0	200 000

10	Fammestad mølle	Anders Fammestad	100 000	150 000
11	Ne fø' sjøen	Indre Ofredals vener	0	126 500
12	Gjert Eidsvik skipsbyggeri Snilstveitøy	Marie Eidsvik	0	100 000
13	Hagevik tønnefabrikk	Hagevik tønnefabrikk ANS	0	100 000
14	Tyin provisoriske kraftstasjon Årdal	Årdal utvikling	400 000	0
15	Tunnelvegen Øvre Årdal-Heirsnos	Årdal utvikling	45 000	0
16	Gestapohuset	Foreningen historia	0	0
17	Nes gardssag	Kåre Nes	150 000	0
18	Gåssand kraftstasjon	Bjørnafjorden kommune	0	0
19	Sellevåg treskofabrikk	Magne Sellevåg	25 000	125 000

2. Rentemidler frå 2021 kr. 58 131,- vert sett av til tilskot til strakstiltak og uventa meirkostnader. Fylkesdirektøren får fullmakt til fordeling av desse midlane. Ei orientering om korleis desse midlane har vorte fordelt, vert lagt fram for hovudutvalet innan utgangen av 2023.
3. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota som er fordelt.
4. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadane for tildelinga, får fylkesdirektøren fullmakt til å omfordele midlane til andre tiltak på same kulturminne, eller til andre av dei tiltaka som har fått tildelt tilskot jf. pkt. 1 ovanfor.
5. Hovudutvalet ber administrasjonen komme tilbake med ei sak der framtidige tildelingar vert delegert til administrasjonen. Hovudutvalet vedtar retningslinjer, uttaler eller andre endringar. Tildelingsvedtaket vert lagt ved som RS til utvalet.